

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 25.01.2021
SAKSHANDSAMAR: Hans Kristian Stenby og Synnøve Teiglid
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus - utbyggingsløysing og kostnadsramme**

ARKIVSAK: 2021/79
STYRESAK: **007/21**

STYREMØTE: **17.02. 2021**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner ny utbyggingsløysing med total kostnadsramme på 1,873 milliardar i 2020-kroner for utbygging av Nye Førde sjukehus.
2. For å sikra at Helse Førde kan handtere kostnadane må det lagast ein plan for korleis kostnadane kan reduserast med 70 millionar kroner.
3. Helse Førde må finne løysingar for resterande arbeid i sentralblokka (Svana 4) innanfor dei årlege drifts- og vedlikehaldsbudsjetta.

Oppsummering

Utbyggingsprosjektet var i forprosjektet delt inn i 8 utbyggingssteg. Det omfatta m.a. nytt bygg for psykisk helsevern (Dagabygget), nytt bygg for somatiske tenester (Livabygget) og ombygging av sentralblokka (Svanabygget) i fleire steg

Når saka no blir lagt fram til behandling i Helse Vest igjen ligg det to forhold til grunn. Det er i etterkant av sist behandling gjort ei fornya vurdering av løysinga for somatikken. Det var opphavlig planlagt eit nytt lågbygg samstundes som eksisterande høgblokk med sengepostar skulle renoverast/byggjast om. Det er no vurdert meir tenleg å bygge meir nytt og redusera ombygging i eksisterande bygg. Livabygget blir føreslått utvida til 8 etasjar, dvs med 4 nye sengeetasjar.

Samstundes viste kostnadane seg å vere for høge basert på innhenta prisar.

Helse Førde vedtok i styremøte 23. mars 2020 at føretaket skulle arbeide vidare med Livabygget i åtte etasjar og eit kostnadsmål på 1,803 mrd. i 2020 kroner. Det vart i mai 2020 gjennomført ei forenkla KSK (ekstern kvalitetssikring av konseptval). Den uavhengige KSK-vurderinga konkluderte med at Livabygget i 8 etasjar er eit betre prosjekt enn løysinga frå forprosjektet. Prosjektet gjev låg risiko, auka fleksibilitet og høg kvalitet for pasientar og tilsette.

Prosjektet er etter dette vidareutvikla og optimalisert gjennom ein samhandlingsprosess med grupperinga til Veidekke. Løysinga fekk brei støtte frå driftsorganisasjonen i ein intern evalueringsprosess.

Det har ikkje vore råd å nå kostnadsmålet som Helse Førde definerte 23. mars 2020. Nye Førde sjukehus må ha ei ramme på 1 803 + 70 mill. kr for å oppfylle driftskonseptet og realisere nødvendige kvalitative og økonomiske gevinstar.

Tilbodet frå Veidekke ligg til grunn for kostnadsramma på 1,873 mrd. i 2020 kroner. Det er gjennomført uavhengig revisjon av kostnadsnivå i tilbodet, og ei omfattande prissamanlikning med andre sjukehusprosjekt. Konklusjonen er at tilbodet frå Veidekke er konkurransedyktig prisa og Helse Førde rår til å slutføre kontraktstingingar med Veidekke på denne ramma.

Fakta

Forprosjektet for nye Førde sjukehus blei vedteke i styret i Helse Førde i styresak 093/2018, den 23. november 2018.

Styret i Helse Vest behandla saka i styresak 136/18 den 11. desember 2018 med følgjande vedtakspunkt:

1. *Styret i Helse Vest RHF godkjenner forprosjekt Nye Førde sjukehus.*
2. *Kostnadsramma blir sett til 1,64 milliardar i 2018 kroner.*
3. *Helse Førde må sikre at prosjektet er organisert og styrt slik at utbygginga kan gjennomførast innan kostnadsramma og med forventet kvalitet.*

4. Helse Førde må ved behov gjere naudsynte justeringar undervegs i prosjektperioden.
5. Helse Førde må jobbe vidare med samt sikre seg at ein tar ut nødvendige driftsmessige effektar som bidreg til framtidig økonomisk og finansiell berekraft

Helse Førde vedtok å starte samhandlingsprosess om eit Livabygg i åtte etasjar i styresak 020/2020 den 23. mars 2020 med følgjande vedtakspunkt:

1. Styret gjev administrerande direktør løyve til å arbeidet vidare med løysingar som optimaliserer Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus.
2. Styret ber administrerande direktør utarbeide planar for reduksjon av prosjektet tilsvarande 70 millionar kroner.
3. Styret ber administrerande direktør gjennomføre ein forenkla KSK (Ekstern kvalitetssikring av konseptval) for Alternativ 3 for Nye Førde sjukehus.
4. Kostnadsmål for alle delprosjekta i Nye Førde sjukehus er 1 803 millionar i 2020 kroner.
5. Kontrakt for bygging av Livabygget skal leggest fram for styret til endeleg godkjenning.

Etter vidareutvikling av prosjekt gjennom m.a. samhandling med entreprenør blei saka på ny behandla i styret i Helse Førde 29.01.21, jf. sak 20/1992. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. Nye Førde sjukehus skal gjennomførast innanfor ei total kostnadsramme på 1,873 milliardar i 2020-kroner.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å signere kontrakt for gjennomføring av Livabygget i åtte etasjar og Svana 1.
3. Styret ber administrerande direktør legge fram ny sak for styret før oppstart av delprosjekt Svana 2 og Svana 3.
4. Det skal utarbeidast ein reduksjonsplan på 70 millionar dersom Helse Førde ikkje har berevne til heile investeringa.
5. Styret ber administrerande direktør finne løysingar for Svana 4 innanfor dei årlege drifts- og vedlikehaldsbudsjetta.
6. Den totale kostnadsramma på 1873 millionar i 2020-kroner vert send over til Helse Vest for endeleg handsaming.

Saka blir her lagt fram til behandling i Helse Vest RHF.

Kommentarar

Endringar frå forprosjektet

I forprosjektet var utbygginga av Nye Førde sjukehus planlagt som ei stegvis utbygging med følgjande byggesteg:

1. Nytt bygg for psykisk helsevern
2. Ny/utviding av hovudforsyning for el-kraft
3. Flaumvern
4. Vegkryss - utbetring

5. Nybygg somatikk
6. Ombygging eksisterande psykiatribygg
7. Ombygging sentralblokka plan 0-3
8. Ombygging sentralblokka plan 4-9

Utover arbeid knytt til flaumvern, vegar og anna infrastruktur omfatta utbygginga nytt bygg for psykisk helsevern (Dagabygget), nybygg for somatiske tenester (Livabygget) og ombygging av sentralblokka (Svanabygget). Det siste i fleire steg.

Utbygginga ved Førde sentralsjukehus er starta og Dagabygget for psykisk helsevern er ferdigstilt.

Når det gjelder nytt bygg for somatiske tenester (Livabygget) og ombygging av sentralblokka (Svanabygget) er det gjort ei ny vurdering av utbyggingsløyisinga. Livabygget var opphaveleg planlagt som eit bygg over 4 plan med m.a. tunge somatiske funksjonar. Sengepostane skulle vera att i sentralblokka.

Helse Førde har no tilrådd å gå vidare med ei løysing der heilskapen i prosjektet vert løyst med meir nybygg og mindre ombygging. Den nye løysinga inneber at Livabygget blir heva til 8 etasjar og at alle sengepostane blir lagt til dette nye bygget, dvs 4 nye sengeetasjar. Bygget blir knytt til sentralblokka og det vil gi ein viss fleksibilitet i arealbruken. Det reduserer behovet for ombygging i sentralblokka.

Eit slikt alternativ blei ikkje vurdert i konseptfasen. Det er såleis gjort ei grundig vurdering av dette alternativet i etterkant i Helse Førde og det er gjennomført ei forenkla KSK (ekstern kvalitetssikring av konseptval).

Den uavhengige KSK-vurderinga konkluderte med at Livabygget i 8 etasjar er eit betre prosjekt enn løysinga frå forprosjektet. Alternativet gir lågare risiko i utbygginga, gir auka fleksibilitet og grunnlag for betre kvalitet på tenester til pasientane og betre vilkår for dei tilsette.

Helse Førde viser til at Livabygget i 8 etasjar er ei løysing som har fått brei tilslutnad i organisasjonen. Løysingar og kostnader er kvalitetssikra i ein omfattande prosess, og det vil vere svært vanskeleg å finne eit betre alternativ enn det som no er utvikla.

Endring av omfanget i Livabygget har medført ei endring av delprosjekta som er definerte inn i Nye Førde sjukehus. Det er no følgjande delprosjekt:

1. Dagabygget, nybygg for psykisk helsevern, er bygningsmessig ferdigstilt.
2. Infrastruktur og flaumvern
3. Livabygget, nybygg for somatikk i åtte etasjar
4. Svana 1, ombygging trinn 1, må gjennomførast for samankopling mot Livabygget
5. Svana 2, ombygging trinn 2, prioriterte område som er avgjerande for funksjon
6. Svana 3, ombygging trinn 3, arbeidspakkar med kvalitative og økonomiske gevinstar

Forprosjektet i 2018 vart vedteke med ei utfordring på om lag 70 mill. kr. Innhenta prisar synte også at kostnadane samla sett blei for høge for føretaket. Det var samstundes funksjonar som ikkje var godt nok løyst i forprosjektet. Hausten 2019 blei det i prosjektet lagt inn ei målsetjing om å løyse eit kontorbehov for tilsette som representerte ytterlegare 70 mill. kr.

Det blei etablert kostnadsmål per delprosjekt som blei sett ut frå kva ein tenkte var mogleg å få til utan å restarte prosessane med prioriteringar i drifta, og tankerekka bygde på følgjande:

- Prosjektet må kunne gjennomførast utan auka låneramme mot HOD
- Det må lagast kuttplanar som sikrar prosjektet dersom det oppstår kostnadsverskringingar eller bereevna til Helse Førde blir svekka.

Med dette som basis vedtok Helse Førde i styremøte 23. mars 2020 at føretaket skulle arbeide vidare med Livabygget i 8 etasjar og eit kostnadsmål på 1,803 mrd. i 2020 kroner (1 733 + 70 mill. kr).

I den vidare samhandlingsprosessen var målet at kostnadsmåla skulle nåast gjennom å drøfte både funksjon, areal, omfang, kvalitet og pris. Det ga grunnlag for ein tett samhandlingsprosess med entreprenør (Veidekke) for å vidareutvikla og optimalisera prosjektet innan ei handterbar kostnadsramme.

Det er undervegs gjort nye vurderingar knytt til framskriving og dimensjonering av funksjonar. Med støtte frå den forenkla KSK-rapporten er sengetalet redusert mens det er lagt inn fleksibilitet for auka tal polikliniske rom.

Utover hausten 2020 vart det klart at kostnadsmålet for samhandlingsprosessen ikkje var råd å nå. Helse Førde gjennomførte ei «koronavennleg» samling med over 70 personar frå driftsorganisasjonen som skulle kvalitetssikre løysingane slik dei no låg utarbeidd for heilskapen i prosjektet. Vidare vart det drøfta gjennom prioritering av 45 arbeidspakkar i Svanabygget. Samlinga gav tydeleg svar på at Livabygget i 8 etasjar er det rette valet for Helse Førde vidare, sjølv om føretaket ikkje greier å skape økonomisk handlingsrom og Svana 3 og Svana 4 må utsetjast på ubestemt tid. Det kom likevel tydeleg fram at nokre av arbeidspakkane i Svana 3 hadde så store kvalitative og økonomiske gevinstar at desse burde ein prioritere å gjennomføre.

Helse Førde viser til at innspel frå denne samlinga har vore avgjerande for retninga som er sett for det vidare arbeidet, der ein tilrår å auke den økonomiske ramma til prosjektet med 70 mill. kr utover kostnadsmålet som Helse Førde definerte i styremøte 23. mars 2020, slik at delar av Svana 3 kan gjennomførast.

Den nye kostnadsramma til prosjektet er sett til 1,873 mrd. i 2020 kroner.

Svana 4 (ombygging av eksisterande hovudblokk trinn 4) inngår ikkje i Nye Førde sjukehus. Dei definerte arbeidspakkane som ligg att i Svana 4 har meir karakter av vedlikehald og små ombyggingar for å tilpasse bygga til endringar i den kliniske drifta. Det er i den økonomiske langtidsplanen sett av investerings- og vedlikehaldsbudsjett som skal kunne dekke vedlikehalds- og investeringsbehov som ikkje inngår i prosjektet. Desse tiltaka må prioriterast saman med øvrige behov i Helse Førde i åra som kjem.

Kostnadar og finansiering

Prosjektet som no er utvikla, har definert Livabygget + Svana 1-3 som den beste løysinga for Helse Førde. Prosjektet er mogleg å gjennomføre på den opphavelige ramma frå forprosjektet + 140 mill. kr.

Tilbodet frå Veidekke ligg til grunn for den nye kostnadsramma. Det er gjennomført uavhengig revisjon av kostnadsnivå i tilbudet, og ei omfattande prissamanlikning med andre sjukehusprosjekt. Konklusjonen er at tilbudet frå Veidekke er konkurransedyktig prisa og Helse Førde rår til å slutføre kontraktstingingar med Veidekke på denne ramma.

Den forenkla KSK-rapporten stadfesta våren 2020 at Helse Førde hadde bereevne for eit prosjekt med ei ramme på 1,803 mrd. i 2020 kroner. Føretaket har gjennomført oppdaterte økonomiske framskrivingar som tek omsyn til årsresultatet for 2020, og anna produsert kunnskap. Helse Førde meiner at føretaket har økonomisk berekraft til å handtere ei investeringsramme på 1,873 mrd. i 2020 kroner. Av denne summen er om lag 500 mill. kr brukt i gjennomført arbeid med forprosjekt, samhandling, Dagabygg, flausikring, parkering og infrastruktur.

Helse Førde legg likevel inn eit krav om å lage ein plan for korleis inntil 70 mill. kr kan kuttas dersom føretaket får kostnadsoverskridingar eller utfordringar med eiga bereevne.

Helse Førde viser til at ei auka ramme ikkje medfører vesentlege endringar knytt til innsparingskrav og lån av bereevne frå Helse Vest. Det er lagt til grunn eit årleg innsparingskrav i drifta på om lag 10 mill. kr kvart år i ein periode på ti år. I tillegg er det lagt til grunn at det vil vere behov for eit internt lån frå Helse Vest RHF i perioden frå 2023 til 2027.

Alternativet med Livabygget i 8 etasjar løyser kontorbehovet til føretaket og reduserer med dette driftskostnadane til Helse Førde. Helse Førde er trygg på at potensialet for økonomiske gevinstar er større for Livabygget i 8 etasjar enn potensialet var med løysingane frå forprosjektet.

Konklusjon

Helse Førde har gjort eit omfattande arbeid for å vidareutvikle forprosjektet frå 2018. Det er vurdert eit nytt alternativ for somatikken som inneber meir nybygg og mindre ombygging i eksisterande bygg og kostnadane er søkt redusert i samarbeid med entreprenør.

Eit nytt bygg for somatikk i 8 etasjar, Livabygget, står fram som ei klart betre løysing for sjukehuset og gir også mindre risiko i byggeprosjektet. Det har ei god forankring i organisasjonen. Sidan dette alternativet ikkje blei vurdert i konseptfasen var det viktig at Helse Førde fekk gjort ei ekstern kvalitetssikring av dette alternativet også.

Den nye løysinga er forhandla fram i ein samhandlingsprosess med entreprenøren, Veidekke.

For å sikre at prisane frå entreprenørane er konkurransedyktige og i tråd med marknaden er det gjort ein uavhengig gjennomgang og prisane er i tillegg samanlikna med andre norske sjukehusprosjekt. Det er også gjort ei vurdering av om anskaffinga er gyldig.

Løysingar og kostnader er såleis kvalitetssikra i ein omfattande prosess.

Det har likevel vore naudsynt å auke kostnadsramma på 1,803 mrd. i 2020 kroner som låg til grunn for samhandlingsprosessen og optimaliseringa av prosjektet. Det er no føreslått ei total kostnadsramme på 1,873 mrd. i 2020 kroner. Helse Førde meiner føretaket har bereevne til ei slik justering av investeringsramma utan auka låneopptak frå HOD.

Det er samstundes viktig slik det går fram av saka, at Helse Førde har ein plan for korleis kostnadane kan reduserast og at føretaket kan gjere endringar ved kostnadsoverskridingar eller utfordringar med eiga bereevne. Ei stegvis utbygging slik prosjektet no er lagt opp gjer dette mogleg. Ei vidare trinnvis gjennomføring av dei tre neste delprosjekta vil gi grunnlag for betre tryggleik for økonomisk kontroll på gjennomføringa.

Det blir rådd til at den nye utbyggingsløysinga og kostnadsramme blir godkjent som grunnlag for vidare utbygging av Førde sentralsjukehus.

Vedlegg 1: Endringsoppstilling i høve til forprosjektet

Vedlegg 2: Forenkla KSK Nye Førde Sjukehus

Vedlegg 3: Styresak 00821 Nye Førde sjukehus